

---

**Fra:** Birthe Kråkenes Bjørstad  
**Sendt:** onsdag 9. oktober 2019 15.55  
**Til:** Grete Algrøy Herøy; [post@5939sletta.no](mailto:post@5939sletta.no)  
**Kopi:** Postmottak Radøy  
**Emne:** SV: sletta landhandleri

Hei!

Beklagar seint svar. Flott initiativ, og heilt klart noko som vil kunne ha stor verdi for mange eldre. Her på Manger er det to damer som handlar inn og ein som kjører heim varer til nokre eldre, men det er då utan at dei eldre sjølv vert teke med til butikken. Dette er noko som ein kan prøve å få til på Sletta, og Frivilligsentralen kan hjelpe til med å henge opp plakater og elles bruke nettverket vårt til å prøve å skaffe frivillige som vil ta dette på seg. Men med den nye kafeen har de jo fått ein fin samlingsstad som det kan vere kjekt å bidra til at flest mogleg får nytte. Frivilligsentralen kan ikkje ta på seg å ha ansvar for at ordninga rullar og går, det må vi freiste å finne hjå dei frivillige og lag/org. Økonomisk kompensasjon kan vi som nevnt lenger nede her, ikkje ta på oss. Kanskje kan det også vere ein idé å ha ein slags eldrekafe ein dag i veka, der dei samlast fleire? Veit de om det er tilgang til ein minibuss i lokalmiljøet der ute? Då kunne ein sjåfør ha henta fleire samtidig. Eventuell leige må dekkast av butikken, eller ved å ta ein liten sum for turen for dei som vil nytte tenesta. Vi kan gjerne ta ein prat ein dag om mulighetene. Eg har mobil 97 97 12 15.

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Grete Algrøy Herøy  
Sendt: mandag 30. september 2019 15:00  
Til: [post@5939sletta.no](mailto:post@5939sletta.no)  
Kopi: Postmottak Radøy; Birthe Kråkenes Bjørstad  
Emne: SV: sletta landhandleri

Hei

Di henvending av 12.sept 2019 er eit godt initiativ, med fleire viktige moment og gode innspel for å gjere kvardagen god og mulighetene fleire for dei eldre i området.

Radøy kommune har erfaring med at det er pårørande og frivillighet som gjev hjelp til handling. Tilsette i heimetenesta som yter praktisk bistand, hjelper med å skrive handleliste når det er nødvendig.

For Radøy kommune er det viktig at det blir like muligheter uansett kvar ein bur, og like vilkår for butikkane. Det vert derfor ei utfordring å gje økonomisk hjelp til einskilde butikkar Radøy kommune er kjent med at det er ei tilsvarande ordning på Bunnpris på Bø, heilt og fullt organisert og betalt av butikken sjølv.

Radøy kommune kan diverre ikkje gje økonomisk støtte til dette, men helsar ideen velkommen og håpar de kan ha anledning til å gjennomføre den!

Kanskje Frivilligsentralen kan vere ein medspelar på denne ideen?

Med venleg helsing

Grete Algrøy Herøy

Kommunalsjef Helse og omsorg  
Radøy kommune

Tlf 95748843

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Lisbeth Toppe Alvær  
Sendt: torsdag 26. september 2019 18:03  
Til: Jarle Landås; Grete Algrøy Herøy; Olaf Michal Hella  
Kopi: Postmottak Radøy  
Emne: SV: sletta landhandleri

-----Opprinnelig melding-----

Fra: sletta1 <[post@5939sletta.no](mailto:post@5939sletta.no)>  
Sendt: torsdag 12. september 2019 14:06  
Til: Lisbeth Toppe Alvær <[Lisbeth.Alvaer@radoy.kommune.no](mailto:Lisbeth.Alvaer@radoy.kommune.no)>  
Emne: sletta landhandleri

Hei,  
Eg er dagleg leiar for Sletta Landhandleri AS.

Vi ser at det er eit behov for utkjøring av varer til eldre som bur på sletta og ellers rundt om på Radøy. Derfor tenkte vi at vi kunne ta oss tid til dette 1 gang kvar veke, der eldre evt. personer som ellers sliter med å komme seg på butikken, kan få varer tilkjørd heim. Vi vil gjerne ha eit samarbeid med kommunen, der vi blir kompensert evt støtta økonomisk i forhold til kostnader knytt til dette.

Vi vurderer også om vi kan hente eldre, eller andre mennesker med vanskeligheter for å komme seg ut, og kjøre dem til butikken og hjem igjen når dem er ferdig å handle. Dette fordi vi ser at mange må ta taxi for å få gjort unna handling, og at mange er avhengig av å bli kjørt rundt for å komme seg ut. Vi tenker at dette er ein fordel for kommunen i forhold til at eldre kan bu lengre hjemme, før evt. eldreheim/sykehjem og i forhold til ensomhet.

Å handle på lokalbutikken er ein opplevelse for mange. Det å kunne hilse på, prate litt og skifte miljø for ein liten stund har mange positive helsefordeler.

Er dette noko kommunen kunne vore interessert i å støtte opp under?

Høyre frå dykk

Med vennleg helsing  
Linn Mari Rath  
Dagle g leiar for Sletta Landhandleri AS  
Tlf: 41 84 57 61

--

Linn Mari Rath  
Cecilie Haugvik